



Odd Helge Solberg  
Keilegavlsvegen 46  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1641 - 15/21015

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.06.2015

## Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 125/56 Kjeilen.

**Administrativt vedtak. Saknr: 257/15**

**Tiltakshavar:** Odd Helge Solberg  
**Heimelshavar:** Odd Helge Solberg  
**Heimel:** Plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-5

Det vert vist til førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt av 13.03.2015. Frist for retting vart sett til 15.04.2015. Kommunen har ikkje motteke dokumentasjon på at tilhøvet er retta innan fristen.

### Ansvar

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedomsregisteret til grunn at de er eigar av eigedomen. Det er eigar sitt ansvar å syta for at reglane i plan- og bygningslova (pbl.) vert haldne.

### Saksopplysningar/grunngeving

Det vart i vedtak i Plan- og miljøutvalet 18.06.2014 gitt avslag på søknad om oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 125/56 Kjeilen. Tilbygget er delvis oppført og i brev av 03.09.2014 har kommunen orientert om at tiltaket må rettast anten ved at tiltaket vert tilbakeført/rive, eller ved at ein sender inn ny søknad om løyve til tiltak som kan godkjennast.

Ansvarleg søkjar orienterte i skriv av 28.10.2014 om at tiltakshavar ønskjer å senda inn ny søknad. Kommunen sette frist for innsending til 15.01.2015. Kommunen har ikkje mottatt søknad om løyve til tiltak innan fristen.

I skriv datert 13.03.2015 har kommunen send førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Kommunen har ikkje mottatt tilbakemelding innan fristen som vart sett til 15.04.2015.

Det oppførte tilbygget er ikkje godkjend og vert vurdert å vera oppført i strid med plan- og bygningslova.

### Pålegg om retting



Kommunen kan med heimel i pbl. § 32-3 krevje retta tilhøve som er i strid med plan- og bygningslova:

«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndigheten gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid».

Pålegg kan etter pbl. § 32-3, 4. ledd, tinglysast som hefte på eigendomen om tiltaket ikkje vert ført tilbake.

#### **Vedtak om tvangsmulkt**

Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 nytta tvangsmulkt som eit middel for å få gjennomført pålegg om retting:

«Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg, herunder forbud, innen en særskilt angitt frist.»

Tvangsmulkt startar frå fristoverskridinga for retting og går inntil kommunen har motteke skriftleg dokumentasjon/foto på at tiltaket er retta.

Forfallen tvangsmulkt vil bli kravd inn utan vidare varsel. Tvangsmulkt kan krevjast inn etter reglane i tvangsfullbyrdingslova § 7-2 e, som særleg tvangsgrunnlag, utan dom for kravet.

Kommunen vurderer at sanksjonane er rimelege i høve det ulovlege tilhøvet, jf. plan- og bygningslova § 32-10.

#### **Innsending av søknad i ettertid**

Det er høve til å senda inn søknad om løyve innan frist for retting.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak vedkomande det ulovlege tilhøvet verta avslutta.

Det vert gjort merksam på at om det vert sendt inn søknad, og søknaden er ufullstendig eller mangelfull, vil kommunen krevje inn tvangsmulkt til søknaden er komplett.

#### **VEDTAK**

##### **Pålegg:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-3 vert det gjeve pålegg om retting. Retting må skje ved at utført tiltak vert ført attende.

Pålegg om retting må vera etterkomen innan **01.09.2015**.

##### **Tvangsmulkt:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 vert det vedteke slik tvangsmulkt:

1. Eingongsmulkt på kr 4 000,- etter utløp av pålagt frist.
2. Tvangsmulkt på kr 200,- per dag etter utløp av pålagt frist.

##### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b

### Varsel om førelegg

I medhald av pbl. § 32-3 (3) vert det varsla om at pålegg som ikkje vert etterkome innan fastsett frist, kan følgjast opp med førelegg. Etter pbl. § 32-6 kan førelegget få verknad som rettskraftig dom.

### GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
12.1.2	Vedtak om pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4)	1	Kr 8 000,-
	Totalt gebyr å betala		<b>Kr 8 000,-</b>

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klagt over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1641

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*